# Kriterium for Grønn framtid Innlandet, sept. 2021

| | |
|---|---|
| **Føremål** | Grønn framtid er ei lågterskelordning som skal mobilisere til å<br>• Skapa nye, grøne arbeidsplassar i Innlandet<br>• Fremje verdiskaping samtidig som det gjev positiv effekt på klima og/eller miljø |
| **Kva kan det løyvast tilskot til?** | • Utvikling av idéar som gjev god miljø- og/eller klimaeffekt samtidig som det er potensial for auka verdiskaping og sysselsetjing<br>• Tiltaket skal gje effekt for verdiskaping og sysselsetjing i Innlandet<br>• Idéen som skal utviklast bør vera ny i Innlandet, helst også nasjonalt, og gjerne internasjonalt |
| **Dette støttast ikkje** | • Ordinære driftskostnader<br>• Investeringar. Små investeringar som er nødvendige for å utvikle idéen kan likevel godkjennast<br>• Prosjekt som heilt klart fell inn under andre offentlege støtteordningar. Samfinansiering med kommunale næringsfond godtakast |
| **Kven kan søke?** | Føretak som er registrerte og har hovudaktiviteten sin i Innlandet.<br><br>Bedrifta som skal gjennomføre og få effekten av prosjektet må sjølv stå som søkjar (dvs. ikkje konsulentselskap el.l. som skal vera med og utvikle prosjektet)<br><br>Søknader bør vurderast opp mot andre ordningar i verkemiddelapparatet før dei innvilgast støtte frå Grønn Framtid. Grønn Framtid skal vera eit supplement. |
| **Prioritering av søknadene** | Det er eit absolutt krav at idéen som skal utviklast må ha positiv verknad på klima og/eller miljø.<br><br>Søknadene blir vurderte ut frå den totale moglege effekten på:<br><br>- Miljø og/eller klima<br>- Innovasjonsgrad<br>- Verdiskaping<br>- Sysselsetjing |
| **Krav til søknaden** | Kontaktopplysningar: Namn på føretaket, organisasjonsnummer og kontaktperson.<br><br>Søkjar må beskrive: |

| | |
|---|---|
| | - Kva vil effekten på klima og/eller miljø vera?<br>- Kva er innovasjonsgraden, dvs. korleis skil prosjektet seg frå ting som er gjort tidlegare?<br>- Verdiskapingspotensialet<br>- Mogleg sysselsetjingseffekt i bedrifta og moglege ringverknader<br><br>Økonomi: Kostnadsbudsjett og finansieringsplan for prosjektet.<br><br>Bedriftas eiga finansiering kan både vera eigeninnsats i form av timar og/eller finansiering i kroner.<br><br>Maksimal timesats er 500 kr.<br><br>Tidlegare tilskot: Tilskot som bedrifta har fått tildelt som bagatellmessig støtte i kalenderåret og dei to åra før (2019-21) må oppgjevast (tilskotsgjevar og -beløp).<br><br>Dersom ei bedrift er del av eit konsern gjeld eigne reglar, og det blir sendt ut eit eige skjema dersom det blir tildelt tilskot.<br><br>Ufullstendige søknader kan avvisast. Det same gjeld søknader som omfattar kostnader som ikkje kan godkjennast, t.d. når prosjektet bare omfattar investeringar. |
| **Krav til rapportering** | Det kan betalast ut forskot med inntil 50 % når prosjektet har starta opp.<br><br>Status- og sluttrapportering med rekneskap skal sendast via regionalforvaltning.no innan fristen som står i tilsegnsbrevet.<br>Utgifter og timar skal dokumenterast. |
| **Max støttesats** | Nystarta og nyetablerte bedrifter (inntil 5 år) kan tildelast 60 % tilskot av godkjente kostnader.<br><br>Bedrifter eldre enn 5 år kan tildelast 50 % tilskot av godkjente kostnader.<br><br>Maksimalt tilskotsbeløp er 300.000 kr.<br><br>Tilskota blir tildelte med grunnlag i regelverket for bagatellmessig støtte. |
| **Søknadsfristar** | Søknader blir behandla etter kvart som dei kjem inn, med oppstart av søknadsbehandling 10. november. |
| **Kontaktpersonar** | Torunn H. Kornstad, e-post: torunn.h.kornstad@innlandetfylke.no, |

| | |
|---|---|
| | tlf. 482 28 291<br><br>Erik Hagen, e-post: erik.hagen@innlandetfylke.no,<br>tlf. 952 05 296 |